



ULSANDEN

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Ulsanden ligg i Nordherad, ved Vågåvatnet aust for Grev. I 1800 er oppgjeve at Ulsanden er 40 år gammal, d.v.s. rydda ca. 1760. Gunder Olsen 1728-1819 hadde plassen i 1800 og kan vera han som starta der. Årleg avgift til almuen var 48 skilling, men fogden meinte at plassen låg på statens og ikkje på almuens grunn. At dette ikkje hørde almuen d.v.s. gardane i Nordherad til, vart grunngjeve med manglande tilkomst. Gunder Olsen vart i 1757 gift med Kari Nilsdotter 1724-1809. Dei hadde barna

Ole 1757-1819, neste brukar

Nils f. 1760, Nebbneset

Knut f. 1765 nørdre Ulsanden

Ole f. 1768, Langrusten

I 1800 dreiv sonen Nils halve plassen. I 1804 overdrog Gunder Olsen Ulsanden og hustru plassen Ulsanden til eldste sonen Ole Gundersen, mot at han skulle hjelpe dei i alderdommen og svara dei føderåd på plassen. Ole Gundersen vart i 1784 gift med Marit Baltasarsdotter f. 1757, dotter til Baltser Imbertsen f. 1735 i søre Lyngvesøygarden og Ingrid Ragnvaldsdotter f. ca. 1732. Ole og Marit hadde barna

Ingri f. 1785, ugift

Ingebret 1787-1857, neste brukar

Knut 1789-1829, gift 1812 med Rønnoug Amundsdotter 1769-1852, sjå søre Ulsanden

Gunhild 1792-1792

*Gunhild f. 1793 gift med Mads Jacobsen, Haugedalen på Lom
Imbjør f. 1794 gift med Rasmus Syversen øverste Haugen på Lom
Kari f. 1797
Gunner f. 1800*

*I 1812 fekk Engebret Olsen bygsel frå fogden på plassen Ulsanden.
Han vart i 1818 gift med Guri Olsdotter Sandbueie (Myrum?) 1795-
1857. Engebret vart i 1839 erklært umyndig etter begjæring frå
kjerringa om at han var i den grad einfoldig at han ikkje fornuftig
kunne styre over sine middel. Engebret og Guri hadde barna*

Marit 1819-1819

Marit 1820-1851

Brith f. 1822, gift med Peder Staf seng

Ole f. 1824, ugift, død 1892 som fattiglem

*Ole f. 1826, ugift, død 1901 som legdslem på Kvarberg. Det kan
vera ein av desse som er nemnd i bygdaboka der det står at Ola
Ulsanden som var på legd var innom på 18 gardar i Nordherad på eitt
år.*

Knut f. 1828, utflytt til Rendalen 1862 og til Stange 1869

Arne f. 1831

Kari 1831-1831

Kari f. 1834

*Knut Engebretsen fekk i 1850 kongeleg skjøte på Ulsanden for 300
Spd, men i 1854 skriv han skjøte til Jacob Hansen Lillesæter for 342
Spd. I 1873 fekk Jacob og skjøte på nør dre Ulsanden, men han må ha
drivi baae bruka ei tid før, for i 1865 er familien oppgjeve å bu på
nør dre.*

*Jacob Hansen Holen 1818-1876 vart i 1847 gift med Mari Iversdotter
Lillesæter 1825-1897. Ho var frå Vetlseteren og dei budde der før dei
kom til Ulsanden. I 1865 dreiv dei både Ulsanden og Vetlseteren,
medan dei i 1875 var i søre Holen. Jacob og Mari hadde barna*

Iver f. 1848

Hans f. 1851

Ole f. 1854

Gunhild f. 1857

Marit 1859-1859

*Marit f. 1860
Ole 1863-1875
Amund f. 1866*

I 1873 fekk Ole Andersen Sandum skjøte på Ulsanden frå Jacob Hansen Holen for 870 Spd., dette omfatta også nördre Ulsanden. Ole Andersen 1824-1873 vart i 1871 gift med Kari Nilsdotter Nebbneset 1843-1920. Dei hadde dottera

Mari f. 1872, til USA i 1891, gift med Erik Jotun

Etter at Ole hengde seg vart Ulsanden bortleigd til bror til Jacob Holen, John Hansen 1815-1898 og kjerringa Marit Pedersdotter Hagen 1807-1878. I 1865 var dei gardbrukarar i Hagen og dit kom dei og attende som føderådsfolk.

Enkja Kari Nilsdotter budde også på Ulsanden saman med dottera og var i 1875 oppgjeve som eigar. Kari var dotter til Nils Nebbneset og Mari Larsdotter Tessneset 1815-1889 utanfor ekteskap og voks truleg opp hjå mora. Mari budde som ugift saman med Ole Paulsen 1802-1880, Runningen under Valde og hadde barn med han, men ho var hjå dottera på Ulsanden da ho døydde.

Kari vart i 1877 oppattgift med Trond Eiriksson Eklestugun 1837-1916, antikvitetshandlaren Skrap-Trond. Kari og Trond hadde barna Charlotte 1877-1952, ugift, hadde sonen Kristian 1910-1995 Erik 1880-1880 Erik f. 1881, utvandra til USA og seinare Canada Paul 1884-1930, hadde epilepsi og vart umyndiggjort

Etter at Trond og Kari var borte fekk Charlotte og Paal skifteskjøte på Ulsanden gnr. 90 bnr. 1 og 2 (samt gnr. 113 bnr. 1 Trondkvee i Synstlien) for takstsum kr 4000,- i 1921. Men alt i 1923 vart det auksjonsskjøte på Ulsanden til Hans Dalestuen, prisen var kr 6700,- som inkluderte verdi av 5 år kr 2000,- av levebrød til Paul T Ulsanden.

Hans Dalestuen 1875-1959 var frå Nebbneset, son til Imbert Veien og Kari Nebbneset, og var såleis syskenbarn til Charlotte og Paal. Hans

*Nebbneset vart i 1900 gift med Ingeborg Jakobsdotter Bukkesteen
1880-d.før 1947, dei hadde barna*

Inger 1899-1996, gift med Henrik Resvold 1900-1981

Barbro 1902-1985, gift med Knut E.Hagen 1898-1985

Kari 1904-1983, gift med Johan Bjørkheim 1908-1979

Imbert 1906-1986, gift med Marit Storøygard 1910-1985

Jakob 1909-1995, gift med Ragna Storøygard 1907-1983

Olav 1914-1996, gift med Ymbjørg Steinli 1914-1991

Marit 1916-1997, gift med Syver Sveum 1913-1997

Hans f. 1920, gift med Ragnhild Haugen f. 1921

Nils f. 1923, ugift

*I 1937 fekk Imbert Ulsanden auksjonsskjøte for kr 2400,-. Imbert og
Marit har barna*

Erling Håkon f. 1940, neste brukar

Nils Magne f. 1943

Kåre f. 1946, gift med Liv Rusten

Ymbjørg f. 1948, gift med Asbjørn Gjelbakken f. 1947, oppigard

Berge

*Håkon gift 1963 med Gunhild Rusten f. 1940, dotter til Hans Rusten f.
1912 og Marit Ulsletten f. 1921 overtok Ulsanden i 1975. Barna er*

Arnljot f. 1959, gift med Torill Bente Bakke

Ivar Helge, f. 1963

Marianne f. 1965, gift med Rune Nettet f. 1968

Gunn Heidi f. 1970, smb. med Ole Magne Brekken, Lesja

Ivar Helge var smb. Med Anne Kari Tho, dei har barna

Thomas f. 1987

Marius f. 1990

Jim f. 1994

*I 1875 var det på Ulsanden 1 hest, 2 uksar, 3 kyr, 3 kalvar, 9 sauer og
11 geit. Dei sådde ½ tønne rug, 2 ½ tønne bygg, litt erter og 5 ½
tønner poteter. Ti år før er oppgjeve mange fleire dyr, men da var
drifta saman med Vetleseter og det var ikkje oppgjeve dyr der. Utan
nørdre Ulsanden var det i 1865 sådd ¼ tønne rug, 2 ½ tønner bygg,*

litt erter og 1 ½ tønne poteter. I 1875 var det både budeie og tenar på Ulsanden.

Kjelder: Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1, s. 248 og 209

Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 339

Kari og Steinar Storvik 2001: Dagar som aldri kjem att, s. 101

Grete Sjurgard: Heim og bygd 1992: Trond Eklestugun, s. 32

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 20

M.Hågåsen: Årbok 1962: Han som berga Garmos-kyrkja, s 90

Erik Holø: Årbok 2004: Tron Eklestuen, s. 32

A.Sandvig 1943: I praksis og på samlerferd: Mitt første møte med Trond

Eklestuen

M.Lyng/G.Tank 1801/1923: Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 76, 160

Ivar Teigum: Bygdeboh for Vågå og Sel, Band 2, s. 312

Norske Gardsbruk 1953 - 1997

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Panteregister/grunnbok

Utskrifter pantebøker

Utskrifter skifteprotokollar

Utskrift kyrkjebøker for Vågå